

Møteprotokoll

Utval:	Vestlandsrådet
Møtestad:	Vestlandshuset, Lars Hillesgate 22, 4. etg. - møterom Folgefonna
Dato:	10.09.2024
Tid:	kl 09:00 - 15:00

Faste medlemer som møtte:

Anders Riise

Geir Asle Stenseth

Randi Walderhaug Frisvoll

Line Hatmosø Hoem

Per Ivar Lied

Jon Askeland

Nils-Anders Nøttseter

Silja Ekeland Bjørkly

Sigbjørn Framnes

Bente Spissøy

Svein Erik Indbjo

Frode Berge

Hanne Marte Vartnaland

Funksjon

Leiar

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Representerer

H

FRP

KRF – ankom møtet kl. 09.12

AP

SP

SP – ankom møtet kl. 11.15

MDG – permisjon frå kl. 14.00

H – ankom møtet kl. 09.02

FRP

UAVH

FRP

AP

SP

Forfall

Stian Jean Opedal Davies

Anne Marie Fiksdal

Ole Ueland

Anne Kristin Bruns

Kjartan Alexander Lunde

Representerer

AP

FRP

H

KRF

V

Varamedlem

Kine Bratli Dale

Pål Farstad

Hayley Anita

Henriksen

Pål Morten Borgli

Representerer

AP

V

FRP

FRP – ankom møtet kl. 09.12

Deltakrar får administrasjonen:

Toril Hovdenak	fylkeskommunedirektør Møre og Romsdal	
Rune Haugsdal	fylkesdirektør Vestland	
Thomas Finnøy	sekretariatsleiar Møre og Romsdal	
Iver Jan Leren	prosjektleiar næringsstrategi Rogaland	
Kristin Talgø Lund	fast kontaktperson Rogaland	
Lasse Kolbjørn Anke Hansen	rådgivar for politisk leiing, Vestland	Ankom møtet 11:15

Saksliste

Saksnr	Sakstittel
PS-19/24	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
GP-	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-20/24	Høringssvar frå Vestlandsrådet til «NOU 2024: 7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringer»
PS-21/24	Vestlandsrådet på Arendalsuka 2025
PS-23/24	Underfinansiering av ferjedrifta i fylka
PS-24/24	Behovet for fysisk møte i Vestlandsrådet 30.10.2024
PS-25/24	Nordisk Atlantsamarbejde (NORA) - samarbeidet med Vestlandsrådet og medlemsfylka
PS-22/24	Revitalisering av arbeidet med ferjefri E39 i Vestlandsrådet
PS-26/24	Fjord Norge - søknad om midlar til satsing på vinterturisme til Vestlandet - "Win29"

Møtet vart heva kl. 15:00

PS 19/24 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Vestlandsrådet 10.09.2024

Møteinnkalling og sakliste blei godkjent.

Det kom merknad på at innkalling må sendast fram tidlegare, gjerne 3 – 4 uke før møte.

Behandling

14 voterande.

GP Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Vestlandsrådet 10.09.2024

Vedtak:

Protokollen frå forrige møte vart godkjent.

Behandling

14 voterande.

PS 20/24 Hørings svar frå Vestlandsrådet til «NOU 2024: 7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringer»

Vestlandsrådet 10.09.2024

Vedtak:

Vestlandsrådet si fråsegn til utgreiinga sitt punkt om næringsutvikling og deltaking i ulike EU-program.

- Vestlandsrådet meiner det er positivt at det er sett ned eit nasjonalt utval for å vurdere erfaringane frå EØS-avtalen og andre avtalar Noreg har med EU.
- Utgreiinga gir eit godt kunnskapsgrunnlag om moglegheitene og utfordringane Noreg står overfor.
- Vestlandsrådet ber regjeringa om å finansiere norsk deltaking i Nordsjøprogrammet neste programperiode.
- Vestlandsrådet ber regjeringa sikre rask innføring av EØS-lovverk, inkludert Net Zero Industry Act (NZIA) og Critical Raw Material Act (CRMA). Etterslep i innlemminga av EØS-rettsakter, spesielt når det gjeld energiområdet, skaper uvisse i samfunnet og ugunstige konkurransevilkår for norsk næringsliv.
- Vestlandsrådet støttar forslaget om å raskt avklare EØS-relevansen til uteståande rettsakter, og redusere etterslepet av lovgjeving som har trådt i kraft i EU, men som enno ikkje har blitt ein del av EØS-avtalen. Det er avgjerande for norske verksemder si konkurransekraft at dei får rammevilkår som er på line med aktørar i EU. Norske styresmakter bør vere aktive på alle stadier i utforminga av EU-regelverk.
- Det er behov for tydelegare rammer og mandat for kommunesektoren si deltaking i EU-samarbeid, både i politikktutforming og prosjektdeltaking.
- Tilgang til finansieringsordningar i EU, som Horisont Europa, Interreg og Erasmus+, er viktig for regionalt utviklingsarbeid. Regjeringa bør sikre moglegheit for deltaking for norske aktørar.
- Vestlandsrådet meiner at bruk av nasjonale ekspertar i EU-systemet er viktig for å spreie kunnskap om EU i byråkratiet lokalt, regionalt og nasjonalt. Utlysingar av ekspertstillingar må ikkje utelukke tilsette i fylke og kommunar, og regelverket bør tilpassast slik at det ikkje er til hinder for utreise av ekspertar.

Behandling

Høringssvar frå Vestlandsrådet til «NOU 2024: 7 Norge og EØS: Utvikling og erfaringer», foreslått av Bente Spissøy, Uavhengig

Nytt alt pkt 4:

Norge har reservasjonsrett og handlingsrom innan EØS avtalen. Denne må nyttast aktivt for å ivareta norske interesser. Regjeringa må sikre ei større involvering av kommunar og fylkeskommunar slik at nye rettsakter ikkje innskrenkar lokalt og regionalt handlingsrom.

Nytt alt pk 5:

EØS avtalen har gitt norsk næringsliv tilgang til det indre marked, men også eit svært omfattande regelverk som oftast ikkje tek utgangspunkt i norske forhold. Vidare er konkurransekrafta som rein vasskraft er for norske industriarbeidsplasser under press, som følgje av avtalen. Desse tilhøva må vektas og drøftas nøye, ved evt. innlemming av nytt EØS-regelverk.

9.Nytt pkt:

I dagens situasjon har EUs økonomiske modell store utfordringar. EUs økonomi no er om lag to tredjedelar av USAs etter at dei var nær like store under finanskrisa i 2008-2009.

Handlefridomen utanfor EØS vert med denne utviklinga, endå viktigare enn tidlegare.

Samstundes må handlingsrommet innafor EØS nyttast meir strategisk. Denne vridningen i bruk av handlingsrom er ekstra påkrevd ved at Noreg har mykje av det EU har lite av - energi og råvarer. I tillegg har staten Norge mykje kapital og lite gjeld i motsetnad til EU-landa. Noreg bør konsentrere seg om å utnytte det indre markedet og vera forsiktig med samarbeid utover det EØS-avtalen naturleg krev.

10. Nytt pkt :

I Utenriks-, sikkerhets- og forsvarspolitik er viktig at Noreg sikrar god dialog med enkeltland, våre allierte i NATO, samt EU ved Kommisjonen. NATO er vår militære allianse og er derfor å foretrekkje, framfor å gjere EU til ein større forsvarsaktør. NATO har alt nødvendige og fungerande strukturar. Noregs geografiske plassering som marin stat i Nord-Atlanteren tilseier at våre interesser og vårt utgangspunkt er annaleis enn dei kontinentale statane. Vidare er Vest-Europas sterkaste militærmakt, Storbritannia, utanfor unionen, noko som må reflekteras i Norges strategi og veivalg i ein krevjande utenriks- og sikkerhetspolitisk periode. Vestlandsrådet støttar mindretalet i EØS-utvalet på dette punktet.

11. Nytt pkt:

Innan beredskap og krisehåndtering støttar Vestlandsrådet også mindretalets tillegg; det er naturleg å understreke at samarbeid på ei rekke områder også kan omfatte Storbritannia og Sveits, som begge har stor farmasøytisk kapasitet. Når det gjeld breiare sikkerhetspolitisk betydning, er Storbritannia den dominerande europeiske sjø- og luftmakta i våre havområder, med store havområder som grensar til Vestland og Norge. Difor det er heilt avgjerande å tydeleg inkludere Storbritannia i Noregs samarbeid om beredskap og krisehåndtering. Godt samarbeid med alle naboland er viktig for å styrka tryggleik, liv og helse og økonomiske og strategiske strukturar.

16 voterande.

Det blei først votert for innstillinga i saksframlegget, minus punkt 4 og 5.

Dette blei samrøystes vedteke.

Deretter var det røysta for nytt alternativt punkt 4.

Dette fall med 4 mot 12 røyster.

Deretter vart det røysta for nytt alternativt punkt 5.

Dette fall med 4 mot 12 røyster.

Deretter vart det røysta for nytt punkt 9.

Dette fall med 4 mot 12 røyster.

Deretter vart det røysta for nytt punkt 10.

Dette fall med 4 mot 12 røyster.

Deretter vart det røysta for nytt punkt 11.

Dette fall med 4 mot 12 røyster.

Innstilling:

Vestlandsrådet si fråsegn til utgreiinga sitt punkt om næringsutvikling og deltaking i ulike EU-program.

- Vestlandsrådet meiner det er positivt at det er sett ned eit nasjonalt utval for å vurdere erfaringane frå EØS-avtalen og andre avtalar Noreg har med EU.
- Utgreiinga gir eit godt kunnskapsgrunnlag om moglegheitene og utfordringane Noreg står overfor.
- Vestlandsrådet ber regjeringa om å finansiere norsk deltaking i Nordsjøprogrammet neste programperiode.
- Vestlandsrådet ber regjeringa sikre rask innføring av EØS-lovverk, inkludert Net Zero Industry Act (NZIA) og Critical Raw Material Act (CRMA). Etterslep i innlemminga av EØS-rettsakter, spesielt når det gjeld energiområdet, skaper uvisse i samfunnet og ugunstige konkurransevilkår for norsk næringsliv.
- Vestlandsrådet støttar forslaget om å raskt avklare EØS-relevansen til uteståande rettsakter, og redusere etterslepet av lovgjeving som har trådt i kraft i EU, men som enno ikkje har blitt ein del av EØS-avtalen. Det er avgjerande for norske verksemder si konkurransekraft at dei får rammevilkår som er på line med aktørar i EU. Norske styresmakter bør vere aktive på alle stadier i utforminga av EU-regelverk.
- Det er behov for tydelegare rammer og mandat for kommunesektoren si deltaking i EU-samarbeid, både i politikkkutforming og prosjektdeltaking.
- Tilgang til finansieringsordningar i EU, som Horisont Europa, Interreg og Erasmus+, er viktig for regionalt utviklingsarbeid. Regjeringa bør sikre moglegheit for deltaking for norske aktørar.
- Vestlandsrådet meiner at bruk av nasjonale ekspertar i EU-systemet er viktig for å spreie kunnskap om EU i byråkratiet lokalt, regionalt og nasjonalt. Utlysingar av ekspertstillingar må ikkje utelukke tilsette i fylke og kommunar, og regelverket bør tilpassast slik at det ikkje er til hinder for utreise av ekspertar.

PS 21/24 Vestlandsrådet på Arendalsuka 2025

Vestlandsrådet 10.09.2024

Vedtak:

Vestlandsrådet vedtek at vi skal ha eitt eller to arrangement under Arendalsveka 2025.

Vestlandsrådet ber administrasjonen om snarast å leggje fram forslag om opplegg til Arbeidsutvalet for endeleg avgjerd:

- Tema innanfor Vestlandsrådet sin strategi og agenda, og som er dagsaktuelle
- Innleiarar og opplegg
- Forslag om tidspunkt, stad og logistikk for arrangement(a)

Behandling

16 voterande.

Innstilling:

Vestlandsrådet vedtek at vi skal ha eitt eller to arrangement under Arendalsveka 2025.

Vestlandsrådet ber administrasjonen om snarast å leggje fram forslag om opplegg til Arbeidsutvalet for endeleg avgjerd:

- Tema innanfor Vestlandsrådet sin strategi og agenda, og som er dagsaktuelle
- Innleiarar og opplegg
- Forslag om tidspunkt, stad og logistikk for arrangement(a)

PS 23/24 Underfinansiering av ferjedrifta i fylka

Vestlandsrådet 10.09.2024

Vedtak:

Vestlandsrådet meiner det er ei oppgåve for rådet å arbeide for å forbetra den statlege finansieringa av ferjedrifta i fylka, og at rådet arbeider for at ein unngår slik underfinansiering i framtida.

Som del i dette arbeidet må administrasjonane i fylka på vegner av Vestlandsrådet, bidra til ein samla informasjonspakke som kan nyttast i det vidare arbeidet. Dette må ha høg prioritet og ei rask gjennomføring.

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval får ansvar for oppfølging av det vidare arbeidet og korleis dette skal presenterast for dei sentrale myndigheiter.

Behandling

16 voterande.

Innstilling:

Vestlandsrådet meiner det er ei oppgåve for rådet å arbeide for å forbetra den statlege finansieringa av ferjedrifta i fylka, og at rådet arbeider for at ein unngår slik underfinansiering i framtida.

Som del i dette arbeidet må administrasjonane i fylka på vegner av Vestlandsrådet, bidra til ein samla informasjonspakke som kan nyttast i det vidare arbeidet. Dette må ha høg prioritet og ei rask gjennomføring.

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval får ansvar for oppfølging av det vidare arbeidet og korleis dette skal presenterast for dei sentrale myndigheiter.

PS 24/24 Behovet for fysisk møte i Vestlandsrådet 30.10.2024

Vestlandsrådet 10.09.2024

Vedtak:

Vestlandsrådet vedtek at arbeidsutvalet får mandat til å vurdere om det er behov for eit møte 30.10.2024, og om dette i så fall vert eit fysisk eller digitalt møte.

Behandling

16 voterande.

Innstilling:

Saka leggest fram utan innstilling.

PS 25/24 Nordisk Atlantsamarbejde (NORA) - samarbeidet med Vestlandsrådet og medlemsfylka

Vestlandsrådet 10.09.2024

Saka gav ikkje grunnlag for votering og Vestlandsrådet tek presentasjonen frå NORA til etterretning.

Behandling

Halla Nolsøe Poulsen, direktør i Nordisk Atlantsamarbejde (NORA) ga en presentasjon om hva NORA er og hva de gjør.

«NORA er et regeringsamarbejde under Nordisk Ministerråds regionalpolitiske samarbejdsprogram som består av Grønland, Island, Færøerne og Kystnorge. NORA landene er knyttet sammen på baggrund af deres geografiske beliggenhed, fælles karakteristika, fælles udfordringer samt historiske, institutionele og kulturelle bånd».

VR takket for en interessant og opplysende presentasjon, som for medlemmene inneholdt nyttig og mye ny informasjon.

Innstilling:

Saka leggest fram utan innstilling.

PS 22/24 Revitalisering av arbeidet med ferjefri E39 i Vestlandsrådet

Vestlandsrådet 10.09.2024

Vedtak:

Vestlandsrådet vedtek at rådet skal styrke engasjementet for ferjefri E39, og sette dette høgt på dagsorden.

Vestlandsrådet gir Arbeidsutvalet mandat til å initiere og beslutte videre satsingar, herunder:

- etablering av arbeidsgruppe
- bestemme eventuell konferanse, innhald, deltakarar og opplegg
- om behov kjøpe utredningar eksternt mht ringvirkningar og anna.

Behandling

Jon Askeland ankom møtet til denne saka.

17 voterande.

Vestlandsrådet vedtek innstillinga i saksframlegget mot ein stemme.

Innstilling:

Vestlandsrådet vedtek at rådet skal styrke engasjementet for ferjefri E39, og sette dette høgt på dagsorden.

Vestlandsrådet gir Arbeidsutvalet mandat til å initiere og beslutte vidare satsingar, herunder:

- etablering av arbeidsgruppe
- bestemme eventuell konferanse, innhald, deltakarar og opplegg
- om behov kjøpe utredningar eksternt mht ringvirkningar og anna.

PS 26/24 Fjord Norge - søknad om midlar til satsing på vinterturisme til Vestlandet - "Win29"

Vestlandsrådet 10.09.2024

Vedtak:

Arbeidsutvalet følgjer opp saka vidare.

Behandling

Pål Farstad ble av rådet erklært inhabil, siden ha er innvalgt til styret i Fjord Norge.

Nils-Anders Nøttseter hadde forlatt møtet (permisjon).

Dermed var det 15 voterande til stades.

Det vart i møtet fremma forslag om å sende saken til arbeidsutvalet for vidare oppfølging.

Innstilling:

Saka leggest fram utan innstilling.